



## MØTEINNKALLING

---

**Utval: Naturutvalet**  
**Møtedato: 08.03.2016**  
**Møtetid: 17:00 -**  
**Møtestad: Kommunehuset**

---

*Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling*

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post [postmottak@samnanger.kommune.no](mailto:postmottak@samnanger.kommune.no) ), som vil kalla inn varamedlem.

---

### Opplæring – (i første del av møte):

Gjennomgang av planprosess og byggesak:

- Overordna planar
- Plan og bygningslov (PBL) og teknisk forskrift
- Samanheng
- Dispensasjon

Kommuneplan:

- Prinsipp og gjennomgang av gamle vedtak og arbeidsprosessen vidare

leiar av utval

**SAKLISTE**

<b>Saker til handsaming på møtet</b>			
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Merknad</b>
011/16	16/251	Faste saker	
012/16	15/744	Dispensasjon. Byggesak GBNR 45/50 - Naust med kai - Sandvika	

<b>Oversikt faste saker</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li><li>• Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte</li><li>• Delegerte vedtak/referatsaker</li><li>• Utvalet sitt kvarter</li></ul>



## SAKSFRAMLEGG

Arkivsaksnr: 16/251	Løpenr: 16/1697
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Naturutvalet	08.03.2016	011/16	MS

## FASTE SAKER

Oversikt faste saker:
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li> <li>• Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte</li> <li>• Delegerte vedtak/referatsaker</li> <li>• Utvalet sitt kvarter</li> </ul>

## Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:

Arkivsak	Dok.dato	Dok.type	Avs./mott.	Tittel/innhald
12/574	23.02.2016	I	nve@nve.no,	Overføring av konsesjon - Sandelva kraftverk i Samnanger kommune. Oversendelse av konsesjonsdokument.. NVEs referanse: 201300146-47

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar: Elena Castillo</b>	<b>Arkivkode: GBNR-45/50</b>
<b>Arkivsaksnr: 15/744</b>	<b>Løpenr: 16/1497</b>
<b>Sakstype: Politisk sak</b>	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Naturutvalet	08.03.2016	012/16	ECA

## DISPENSASJON. BYGGESAK GBNR 45/50 - NAUST MED KAI - SANDVIKA

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 19-2, 1-8 og 11-6 vert det ikkje gjeve dispensasjon til etablering av naust med tilhøyrande kai på GBNR 45/50.

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.*

*Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klaga er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtak. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva som er endringar De som part ynskjer. Klaga skal grunngjevast.*

**Dokument som er vedlagt:**

Søknad om byggjeløyve og dispensasjon for naust med kai

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

Søknad om dispensasjon

Bilete

situasjonsplan 1\_500 naust v4.pdf


tegning naust rev3.pdf

brev revidert søknad med disp forklaring til kai.pdf

Uttale - Løyve til tiltak - Naust med kai.doc.pdf

**Kva saka gjeld:**


Saka gjeld søknad om dispensasjon til etablering av naust med tilhøyrande kai og kran på GBNR 45/50 . Naustet og kaien skal brukast til privat føremål, som lagring av båt utstyr samt fortøying av båtane. Kaien skal også brukast som gangveg mellom naustet og hytta. Kaien framfor naustet er planlagt utført i betong kledd i tre, resten av kaien skal byggast i tre. Totalt er lengda på kaien ca 45 m langs kystlinja. En kaikran skal installerast på betongkaien framfor naustet.



Omsøkt naust  
GBNR 45/50

Omsøkt kai  
GBNR 45/50

Hytte GBNR 45/50



Byggiegrensa

Planstatus:

Tiltaket ligg i LNF område innanfor byggjeforbodssona i kystzoneplanen.

Nabovarsel:

Tiltaka er nabovarsla. Det ligg ikkje føre nokon merknadar frå naboar.

**Regelverket saken vurderast etter:**

Jordlova

Plan- og bygningslova

Juridisk grunnlag for dispensasjonsvurderinga:

Kommunen kan ikkje gje dispensasjon dersom omsyna bak det føremålet området er sett av til i gjeldande arealplan eller reglane det er søkt om dispensasjon frå, vert vesentleg tilsidesett. I tillegg må føremonane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 19-2.

**Vurderingar og konsekvensar:**

Vurdering etter jordlova:

I gardskartet står eigedomen 45/50 oppført med areal på 100 kvm. Slik det ser ut i gardskartet på skogoglandskap.no ligg GBNR 45/50 inne på eigedommen med GBNR 45/1. Dersom det skal byggjast slik det er skildra i søknaden må eigarskapet til grunnen avklarast. Om søkjar ønskjer å byggje på 45/1 sin grunn må det liggje føre ein avtale om leige av grunnen først.

Viss søkjar eig arealet har ikkje Landbrukskontoret nokon innvendingar, men Landbrukskontoret vil ikkje tilrå bygging av naust og kai som omsøkt viss dette ligg på GBNR 45/1 sin grunn.

Vurdering etter plan- og bygningslova:

Tiltaket ligg i LNF område og er såleis i strid med planføremålet. I tillegg ligg tiltaket innanfor byggjeforbodssona i kystzoneplanen.

Det er i seinare år vert signalisert en skjerpa plan- og dispensasjonspraksis i strandsona.

Bakgrunnen for dette er å skjerme strandsona for uønska nedbygging slik at det blir oppretthalda allmenta si rett til fri ferdsel og friluftsliv. Strandsona er også viktig av omsyn til natur og landskap. Kystzoneplanen for strandsona er berre nokre år gamal, og det er ikkje kome til nye moment som skulle tilseia ein ny vurdering. Dispensasjon til etablering av naust i LNF område nedanfor byggjegrensa mot sjø vil setja omsynet bak kystzoneplan vesentleg til side.

*Administrasjonen vurderer at:*

- Tiltaket skaper presedens for tilsvarande saker i LNF område og vil på sikt kunne undergrave kommunedelplan for kystsona som planverktøy og informasjonskjelde.
- Tiltaket kan virke dominerande då omsøkt kai opptar over 40 meter av kystlinja.
- Tiltaket kan forstyrre miljø og andre interesser kommunedelplanen er meint å ivareta.
- Arealbruken er ikkje utgreia for konsekvens og vil føre til ein ytterlegare, ikkje planstyrt privatisering av strandsona.

- Det er ikkje syna fordelar av vesentleg karakter i søknaden.

Administrasjonen meiner at enkeltsakar må sjåast i ein samanheng. Dispensasjon til etablering av naust med tilhørande kaianlegg kan nyttast som grunngevnad for å oppnå dispensasjon for fleire. Ved å gje dispensasjon i denne saka kan ein risikera å opne opp for ei utvikling kor området gradvis endrar karakter utan at dette er forankra i plan. Bruk av dispensasjon, og påfølgjande moglege presedensverknadar, vil på sikt kunne undergrave kommuneplanen som planverktøy og informasjonskjelde.

Administrasjon finn at interessene som ligg bak arealdisponeringa i kystsoneplanen veg tyngre enn omsynet til søkjar sine interesser. På denne bakgrunn kan ikkje administrasjonen tilrå omsøkt dispensasjon.

Me vil nytte høve til å minne om at sjølv om ein eventuell dispensasjon vert løyvd vil følgjande krav framleis vere gjeldande:

- Dokumentasjon som syner at avstand til nabogrensa er min 4 meter. Evt. skal erklæring frå naboen om redusert avstand til nabogrensa ligge føre.
- Dokumentasjon som syner at tiltakshavar eiger grunn. Evt. skal avtale om grunn leige liggje føre.
- Området ligg i omsynssone for skred og det må difor gjerast ei fagleg vurdering av skredfaren. Dette arbeidet må utførast ved bruk av tilstrekkeleg kompetanse. Det må dokumenterast at utbygging kan skje med tilstrekkeleg tryggleik mot skred, jf Byggteknisk forskrift §7-3.

Tor Helland  
Nyhaugveien 3b  
5067 Bergen

<b>SAMNANGER KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJONEN</b>	
SAK NR.....	J NR.....
<b>3 0 NOV 2015</b>	
EMNEKODE.....	
OBJEKTKODE.....	
SAKSH:.....	GRADERING.....

Bergen 16.11.15

Samnanger kommune  
Tyssevegen 217  
5650 Tysse

Deres ref. 15/744/15/7700/TEK/ECA

### Søknad om byggjeløyve og dispensasjon for naust med kai i tilknytning til Gnr.45 Bnr 50

Viser til brev datert 02.11.15 om manglar ved søknad om tiltak, avvik frå krav til utformin av naust i kommunedelplan og behov for dispensasjonssøknad frå kommuneplanen og pbl. §17-2.

#### Søknad om tiltak

- Søknaden er fylt ut på blankett 5153

#### Avvik frå krav om utforming

- Areal (BRA) er endra til å være innanfor krav i kommunedelplan
- Vindaugsareal er redusert til mindre enn 3% av BRA
- Mønehøgde er redusert til under 5 m
- Gesimshøgde er under 4m

#### Dispensasjon

- Ein søker om dispensasjon (vedl 1) frå kommuneplanens arealdel og plan og bygningslova §17-2

Med helsing



Tor Helland

#### Vedlegg:

- Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett
- Søknad om dispensasjon frå kommuneplan og PLB §17-2
- Kvittering på nabovarsel
- Oppdatert situasjonsplan
- Reviderte teikningar
- Foto til illustrasjon av tiltaket





## Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

Pbl § 20-4 og SAK kap. 3

Blir det søkt om dispensasjon frå plan- og bygningslova, forskrift eller arealplan?	<input checked="" type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
Er det behov for løyve/samtykke/uttale frå anna myndighet?	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei
Dersom ja, er ikkje vilkåra oppfylte for 3 veker saksbehandling, jf. pbl § 21-7 tredje ledd		
Nabovarsling, jf. pbl 21-3, skal vere gjennomført for søknaden blir send til kommunen. (Blankett 5154, 5155, 5156).		
Ligg det fore merknader frå naboar eller gjenbuuarar?	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei
Dersom nei på alle spørsmåla over, er løyve å sjå på som gitt tre veker etter at fullstendig søknad er motteken i kommunen		

Opplysningar gitt i søknaden eller vedlegg til søknaden vil bli registrerte i matrikkelen.

Søknaden gjeld							
Elgedom/ byggjested	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bustadnr.	Kommune
	45	50					Samnanger
	Adresse				Postnr.	Poststad	
					5650	Tysse	
Tiltaket si art	Mindre tiltak til bebygd elgedom, pbl § 20-4 og SAK kap. 3						
	<input type="checkbox"/> Tilbygg < 50 m <sup>2</sup>	<input checked="" type="checkbox"/> Frittliggjande bygning (ikkje bustadformål) < 70 m <sup>2</sup>			<input type="checkbox"/> Skilt/reklame (SAK10 § 3-1 d)		
	<input type="checkbox"/> Driftsbygning i landbruket med samla bruksareal (BRA) mindre enn 1000 m <sup>2</sup> , jf. pbl § 20-2 bokstav b) og SAK10 § 3-2						
	<input type="checkbox"/> Mellombels bygning/konstruksjon/anlegg (som ikkje skal plasserast for lengre tidsrom enn 2 år)						
	<input type="checkbox"/> Bruksendring (frå tilleggsdel til hovuddel innanfor ei brukseining)						
	<input type="checkbox"/> Riving av tiltak som nemnt i SAK10 § 3-1						
	<input type="checkbox"/> Oppretting/ending av matrikkeleining	<input type="checkbox"/> Grunn-eigedom	<input type="checkbox"/> Anleggs-eigedom	<input type="checkbox"/> Feste grunn over 10 år	<input type="checkbox"/> Arealoverføring		
	Anna:						
	Planlagt bruk/formål			Beskriv			
				Naust til lagring av båt og fiskeutstyr, samt kai			

Arealdisponering							
Planstatus mv.	Set kryss for gjeldande plan						
	<input type="checkbox"/> Arealdel av kommuneplan	<input type="checkbox"/> Reguleringsplan			<input type="checkbox"/> Utbyggingsplan		
	Namn på plan						
Areal	BYA eksisterande	BYA nytt	Sum BYA	BRA eksisterande	BRA nytt	Sum BRA	Tomteareal
	70	40	110	68	38,2	106,2	2200
Grad av utnyttling	Vis berekning av grad av utnyttling. Rettleing finst på <a href="http://www.dibk.no">www.dibk.no</a> eller kontakt kommunen						
	tomteareal er henta fra takst, og er stipulert fra kart basert på merker i terreng						

Plassering			
Plassering av tiltaket	Kan hogspent kraftlinje vere i konflikt med tiltaket?		<input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei
	Dersom ja, må avklaring med aktuell rettshavar vere dokumentert		Vedlegg nr. Q -
Plassering av tiltaket	Kan vass- og avloppsleidningar vere i konflikt med tiltaket?		<input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei
	Dersom ja, må avklaring med aktuell rettshavar vere dokumentert		Vedlegg nr. Q -
Avstand	Minste avstand til nabogrense	1	m
	Minste avstand til anna bygning	>10	m
	Minste avstand til midten av veg	5	m
Dette skal visast på situasjonsplanen			

Krav til byggleggrunn (pbl § 28-1)		
<b>Flaum</b> (TEK10 § 7-2)	Skal byggverket plasserast i flaumutsatt område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja	Vedlegg nr.
<b>Skred</b> (TEK10 § 7-3)	Skal byggverket plasserast i skredutsatt område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja	Vedlegg nr.
<b>Andre natur- og miljøforhold</b> (pbl § 28-1)	Ligg det føre vesentleg ulempe som følgje av natur- og miljøforhold? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja Dersom ja, beskriv kompensierende tiltak i vedlegg	Vedlegg nr.

Tilknytning til veg og leidningsnett		
<b>Tilkomst veglova</b> §§ 40-43 pbl § 27-4	Gir tiltaket ny/endra tilkomst <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Tomta har tilkomst til følgende veg som er opparbeidd og open for alminneleg ferdsel: <input type="checkbox"/> Riksveg/fylkesveg Er avkøyringsloyve gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Kommunal veg Er avkøyringsloyve gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Privat veg Er vegrett sikra ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
<b>Overvatn</b>	Takvatn/overvatn blir ført til: <input type="checkbox"/> Avløpssystem <input checked="" type="checkbox"/> Terreng	
<i>Felta "Vassforsyning" og "Avløp" skal bære fyllast ut dersom søknaden gjeld driftsbygning i landbruket eller mellombelse tiltak</i>		
<b>Vassforsyning</b> pbl §§ 27-1, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta <input type="checkbox"/> Offentleg vassverk <input type="checkbox"/> Privat vassverk* <input type="checkbox"/> Anna privat vassforsyning, innlagt vatn* <input checked="" type="checkbox"/> Anna privat vassforsyning, ikkje innlagt vatn* Dersom vassstilførsel foreset tilknytning til anna privat leidning eller kryssar annan sin grunn, ligg det føre rett til dette ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	* Beskriv   Vedlegg nr. Q -
<b>Avløp</b> pbl §§ 27-2, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta <input type="checkbox"/> Offentleg avløpsanlegg <input type="checkbox"/> Privat avløpsanlegg Skal det installerast vassklosett? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei Ligg det føre utseppsløyve? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei Dersom avløpsanlegg foreset tilknytning til anna privat leidning eller kryssar annan sin grunn, ligg det føre rett til dette ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Vedlegg nr. Q -

Vedlegg			
Beskriving av vedlegg	Gruppe	Nr. fra - til	Ikkje relevant
Dispensasjonsøknader/innvilga dispensasjon	B	1 -	<input type="checkbox"/>
Kvittering for nabovarsel/Opplysningar gitt i nabovarsel/nabomerknader/kommentarar til nabomerknader	C	2 -	<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan/avkøyringsplan	D	3 -	<input type="checkbox"/>
Teikningar plan, snitt, fasade (eksisterande)	E	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Teikningar plan, snitt, fasade (ny)	E	4 - 7	<input type="checkbox"/>
Uttale/vedtak frå anna myndigheit SAK10, § 6-2 og pbl § 20-5	I	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Rekvisisjon av oppmålingsforretning	J	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q	8 -	<input type="checkbox"/>

Erklæring og underskrift		
<b>Tiltakshavar</b>		
Tiltakshavar plikar å gjennomføre tiltaket ift. plan- og bygningslova (pbl), byggteknisk forskrift og gitt løyve.		
Namn <b>Tor Brekke Helland</b>	Telefon (dagtid) <b>48169933</b>	Mobiltelefon <b>48169933</b>
Adressa <b>Nyhaugveien 3b</b>	Postnr. <b>5067</b>	Poststad <b>Bergen</b>
Dato <b>15.11.2015</b>	Underskrift 	E-post <b>2r.helland@gmail.com</b>
Gjenta med blokkbokstavar <b>TOR BREKKE HELLAND</b>		Eventuell organisasjonsnr.

Tor Brekke Helland  
Nyhaugveien 3b  
5067 Bergen

Samnanger kommune  
Teknisk eining  
5650 Tysse

Bergen 15.11.15

### SØKNAD OM DISPENSASJON.

Eg ynskjer med dette å søkja om dispensasjon frå

	Kommuneplanens arealdel, formål: LNF
	Plan- og bygningsloven §17-2

Dispensasjonen gjeld:

Oppføring av naust på gnr.45 bnr.50 . Eigedommen ligg i LNF område og innanfor 100-meters beltet langs sjø, og eg søker difor om dispensasjon fra kommuneplan og plan og bygningslova §17-2

Begrunnelse for dispensasjonssøknaden:  
(jfr. Pbl. kapittel 19. )

Eigedomen har i dag ein eldre slipp og platting som er lite tenleg for oppbevaring av båt og utstyr. Den er svært utsatt for vind og sjøgang, og har i fleire av dei siste stormane blitt påført skade.

Det er i dag ikkje tilrettelagt plass for trygg iland og ombord stiging, og dette har medført hendingar med personskade og fall i sjø. Ein vil difor etablera kai i tilknytning til naust.

Som skissa /bilde i søknadspapira viser vil naust og kai bli tilpassa eksisterande bygningar og terreng på Gnr.45 Bnr.19 og område vil framstå som ein heilskap. Med bakgrunn i den siste «kommunedelplan for kystsona» Tabell 6.1 er også arealbruken for område i tråd med søknaden.


Ein har gjennom utarbeiding av søknaden tatt omsyn til planretningslinene og kommunedelplan for kystsona i Samnanger kommune og vektlagt :

- Tiltaket er plassert i tilknytning til områder som er bebygd frå før, slik at utbygginga skjer mest mogleg konsentrert.


- Tiltaket vil bli tilpassa omgivnaden best mogleg, i forhold til eksisterande bygg og tilrettelegging av tomt.
- Utbygginga legg ingen band på urørte område med spesielle friluftsiinteresser, natur- og landskapskvalitet eller kulturminneinteresser
- Tiltaket påverkar ikkje allmenne interesser knyta til friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvaliteter, naturmangfald, kulturminner, kulturmiljø og landskap.
- Tiltaket påverkar heller ikkje forholdet til andre interesser, som for eksempel landbruk, fiske og oppdrett.

På bakgrunn av momenta som er nemnt over, er det mi vurdering at føremonene med å gje løyve til oppføring av naust med kai er monaleg større enn evt. ulempe.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'J. Furund', is written below the text 'Med helsing'.









45/19

5400,00

7400,00

45/50

Platting utført i betong på sprengstein-fylling  
Armert betong til fjell for å fundamenterer kran.  
Kaifront blir kledd med tre for å gje ein heilskap, og sikre fartøy ved fending.

Høyde kai  
1,35 moh

Kai utført i tre, forankra med boltar til fjell. Tener dels som gangvei til naust og som fortøyingssjass for båtane. Punkt 5 er satt i fjell for å forankre trekonstruksjonen.

pkt	Ori	Datum EU89 UTM	Sone 33
①	E/N	12987.7	6726733.3
②	E/N	12981.5	6726721.9
③	E/N	13002.7	6726721.5
④	E/N	12994.6	6726703.2
⑤	E/N	12999.3	6726677.0

Mrk.Posisjoner fra elektroniske kart, klide : Statkart



Situasjonsplan «brygge og naust»  
Bnr.45, Gnr.50 Samnanger kommune

Vedlegg

Gruppe D No.3

STØRR.

FAKSNR

RETNINGSNR

REV



3

SKALA

1:500

ARK

1 AV 1



© Minde prosjekt consult

Tiltakshaver: Tor Helland

Naust  
Gnr.45 Bnr. 50  
Samnanger kommune

STØRN.

A4

Beskrivelse

Fundament for naust


REV


03

SKALA: NA



Dato: 30.12.2015

1 AV 4



	Tiltakshaver: Tor Helland		
	Naust Gnr.45 Bnr. 50 Samnanger kommune		
© Minde prosjekt consult	størn. A4	Beskrivelse plan 1.etg	REV 03
SKALA: NA		Dato: 30.12.2015	2 AV 4





Tiltakshaver: Tor Helland

Naust

Gnr.50 Bnr. 45

Samnanger kommune

© Minde prosjekt consult

STORR.

A4

SKALA: NA

Beskrivelse





Snitt

Dato: 30.12.2015

REV

03

3 AV 4



--- Planert terreng  
 - - - Eksisterende terreng

 <p>© Minde prosjekt consult</p>	<p>Tiltakshaver: Tor Helland</p>		
	<p>Naust            Gnr.45 Bnr. 50            Samnanger kommune</p>		
<p>STORL.            A4</p>	<p>Beskrivelse            fasader</p>	<p>REV            03</p>	<p>Dato: 30.12.2015</p>
<p>SKALA: NA</p>			<p>4 AV 4</p>

Tor Helland  
Nyhaugveien 3b  
5067 Bergen

Bergen 07.01.16

Samnanger kommune  
Tyssevegen 217  
5650 Tysse

Deres ref. 15/744/15/7700/TEK/ECA

**Føljeskriv til situasjonsplan vedr. søknad om byggjeløyve og dispensasjon for naust med kai i tilknytning til Gnr.45 Bnr 50**

Viser til samtale 17.12.15 der det framkom ynskje om grunngeving for materialval og dimensjonar av tiltakets kai.

Som nemnt i søknaden er Knarrdallsneset svært utsatt for vind og straum i Samnangerfjorden. Dette medfører store påfreistingar på anlegg i og ved sjø. På bakgrunn av dette og behovet for kai til fritidsbåtar har tiltaket fått den form og størrelse som situasjonsplan syner.



Ein har med bakgrunn i dårlige erfaringar med slipp i sjø i sør enden av eigedomen komme til at den beste løysinga er å byggja kai i front av naustet og basere sjøsetting og opptak av båtar på kran framfor å byggja skinnegang i sjø.

For å redusere inngrepa i naturen er det kun til hensikt å ha betongkai i forkant av naustet, resten av kaien er planlagt i tre som er bolta til fjellsida.


I sør-enden av tiltaket er det eit skjær. Dette skjæret saman med støypt kai i forkant av naustet er tenkt å gje ei tilstrekkeleg innfestning av trekaia i den retninga kreftene frå sjøen påverkar mest.

Målet med kai frå pkt. 5 til 4 er å gje ein trygg adkomst til naustet og moglegheit til å fortøye båtane. Ettersom den eine båten vi nyttar er ein seglbåt med 2m

kjølvil det ikkje være djupne nok framom naustet utan at kaien blir monaleg større, og det er difor



eit betre alternativ å få denne lagt langsetter land. Dette vil også være ei monaleg betre løysing i forhold til sjøgang. Mellom pkt.5 og 4 vil bølgene gå langsetter skutesida, mens dei kjem meir tverrskips framom naustet.



Ettersom terrenget mot sjø er svært bratt mellom pkt.4 og 5 er det behov for å etablere ein trygg adkomst langs sjø. Dette vil samtidig gje ein plass å fortøye båten, og sikre trygg i land og ombord stiging.

Tiltaket er etter vår vurdering eit begrensa inngrep i miljøet ettersom materialval og innfesting ikkje medfører sprenging eller utfylling i sjø, med unntak av fundament for kai framom naustet.

Med helsing

Handwritten signature of Tor Helland

Tor Helland



**FUSA KOMMUNE**  
**Bjørnefjorden Landbrukskontor**  
 Fusa, Os, Samnanger og Tysnes

Samnanger kommune	Løpenummer	:	15/11411
	Arkivkode	:	GBNR-45/50, FA-L42
	Sakshandsamar	:	Øystein Svalheim
	Direktenr. tlf.	:	56580141
	Dato	:	04.01.2016

Vår ref.:  
 Saksnr.: 15/1454 - 2  
 (Oppgje "vår ref." når De tek kontakt om saka.)

Dykkar ref.:

**Uttale - Løyve til tiltak - Naust med kai**  
**Landbruksfagleg uttale**

Det vert søkt om dispensasjon frå kommuneplan og PBL for oppføring av naust og kai. Søknaden seier at det omsøkte tiltaket gjeld gbnr 45/50. Dette bruksnummeret er ikkje oppmålt. I gardskartet står eigedomen 45/50 oppført med eit areal på 100 m2. Dersom det kan skaffast fram kart som viser at søkjar eig arealet som er skissert i søknaden har ikkje landbrukskontoret nokon landbruksfaglege innvendingar mot tiltaket.

Slik det ser ut i gardskart på skogoglandskap.no ligg gbnr 45/50 inne på eigedomen med gbnr 45/1. Gbnr 45/1 er ein landbrukseigedom der det vert arbeidd med ny etablering av landbruksverksemd. Garden er på 68 dekar med 7,6 dekar innmark (kjelde Gardskart skogoglandskap.no) og med del i eit felleasreal i fjellet. Dei nye drivarane har sidan dei tok over rydda mykje beite og arbeider med reetablering av beitemark. Tiltaket som er skildra i søknaden ligg ikkje på 45/50, men på 45/1. Dersom det skal byggjast slik det er skildra i søknaden må eigarskapet til grunnen avklarast. Om søkjar ønskjer å byggje på 45/1 sin grunn må det liggje føre ein avtale om leige av grunnen først.

Bygging som omsøkt vil bandleggje >2 dekar til anna enn landbruk og beite. Viss søkjar eig arealet har ikkje Landbrukskontoret nokon innvendingar, men landbrukskontoret vil ikkje tilrå bygging av naust og kai som omsøkt viss dette ligg på gbnr 45/1 sin grunn.

Med helsing

Øystein Svalheim  
 Landbrukssjef



Sandelva kraftverk AS  
Parkveien 33B  
0258 OSLO

Kristoffer Bøe Henriksen

Vår dato: 23.02.2016  
Vår ref.: 201300146-47  
Arkiv: 312  
Deres dato:  
Deres ref.:

Saksbehandler:  
Lisbeth Bakken  
lba@nve.no

## **Overføring av konsesjon - Sandelva kraftverk i Samnanger kommune. Oversendelse av konsesjonsdokument.**

Vi viser til e-post av 29.12.2015 og 04.02.2016 fra Blåfall AS der det søkes om å overføre konsesjon for Sandelva kraftverk fra Blåfall AS til Sandelva kraftverk AS.

Vedlagt følger oppdatert konsesjonsdokument med vilkår som i konsesjonen av 03.07.2015.

Vi presiserer at byggefrister gjelder fra opprinnelig konsesjonsdato 03.07.2015.

Med hilsen

Øystein Grundt  
seksjonssjef

Lisbeth Bakken  
seniorkonsulent

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.*

Vedlegg: 1

Kopi til:

Blåfall AS v/Arne Jakobsen  
Fylkesmannen i Hordaland  
Hordaland fylkeskommune  
Samnanger kommune

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)  
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

# Vassdragskonsesjon

I medhold av lov av 24. november 2000, nr. 82 om vassdrag og grunnvann (vannressursloven) § 8, kgl. res. av 15. desember 2000 og fullmakt gitt av Olje- og energidepartementet 19. desember 2000 og 10. desember 2004

gis tillatelse til

## **Sandelva kraftverk**

(erstatte konsesjon av 03.07.2015)

---

Meddelt: Sandelva Kraftverk AS, org.nr.: 916 657 110

Dato: 23.02.2016

Varighet: Ubegrenset

Ref: 201300146-46

---

Kommune: Samnanger

Fylke: Hordaland

Vassdrag: Samnangervassdraget/Fusafjorden

Vassdragnr.: 055.54

---



I medhold av lov av 24. november 2000, nr. 82 om vassdrag og grunnvann (vannressursloven) § 8, kgl. res. av 15. desember 2000 og fullmakt gitt av Olje- og energidepartementet 19. desember 2000 og 10. desember 2004, gir Norges vassdrags- og energidirektorat under henvisning til søknad av 6.3.2014 og KSK-notat nr. 70/2015 samt melding om overføring av 29.12.2015

**Sandelva Kraftverk AS**

**konsesjon til bygging av Sandelva kraftverk i Sandelva i Samnanger kommune i Hordaland på følgende vilkår:**

### *1. Vannslipping*

Det skal slippes 10 l/s i minstevannføring fra inntaket hele året. Dersom tilsiget er mindre enn kravet til minstevannføring skal hele tilsiget slippes forbi. Kraftverket skal i slike tilfeller ikke være i drift.

Det skal installeres en omløpsventil i kraftverket med kapasitet på minimum 25 % av maksimal slukeevne.

Alle vannføringsendringer skal skje gradvis, og typisk start-/stoppkjøring skal ikke forekomme.

### *2. Bortfall av konsesjon*

Konsesjonen faller bort hvis ikke arbeidet er satt i gang senest fem år fra konsesjonens dato og fullføres innen ytterligere fem år jf. vannressursloven § 19 og vassdragsreguleringsloven § 12 nr. 1 tredje ledd. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) kan forlenge fristen med inntil fem nye år. I fristene regnes ikke den tid som på grunn av særlige forhold (vis major), streik eller lockout har vært umulig å utnytte.

### *3. Konsesjonærs ansvar ved anlegg/drift m.v.*

Konsesjonæren plikter å påse at han selv, hans kontraktører og andre som har med anleggsarbeidet og kraftverksdriften å gjøre, unngår ødeleggelse av naturforekomster, landskapsområder, fornminner m.v., når dette er ønskelig av vitenskapelige eller historiske grunner eller på grunn av områdenes naturskjønnhet eller egenart. Dersom slike ødeleggelser ikke kan unngås, skal rette myndigheter underrettes i god tid på forhånd.

### *4. Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.*

Konsesjonæren plikter å legge fram for NVE detaljerte planer med nødvendige opplysninger, beregninger og kostnadsoverslag for reguleringsanleggene. Arbeidet kan ikke settes i gang før planene er godkjent. Anleggene skal utføres solid, minst mulig skjemmende og skal til enhver tid holdes i full driftsmessig stand.

Godkjenning av planer og tilsyn med utførelse og senere vedlikehold og drift av anlegg og tiltak som omfattes av denne post er tillagt NVE. Utgiftene forbundet med dette dekkes av konsesjonæren.

Konsesjonæren plikter å planlegge, utføre og vedlikeholde hoved- og hjelpeanlegg slik at det økologiske og landskapsarkitektoniske resultat blir best mulig.

Kommunen skal ha anledning til å uttale seg om planene dersom det er avvik av betydning i forhold til det som fremgår av konsesjonssøknaden.

Konsesjonæren plikter å skaffe seg varig råderett over tipper og andre områder som trenges for å gjennomføre pålegg som blir gitt i forbindelse med denne post.





Konsesjonæren plikter å foreta en forsvarlig opprydding av anleggsområdene. Oppryddingen må være ferdig senest 2 år etter at vedkommende anlegg eller del av anlegg er satt i drift.

Hjelpeanlegg kan pålegges planlagt slik at de senere blir til varig nytte for allmennheten dersom det kan skje uten uforholdsmessig utgift eller ulempe for anlegget.

Ansvar for hjelpeanlegg kan ikke overdras til andre uten NVEs samtykke.

NVE kan gi pålegg om nærmere gjennomføring av plikter i henhold til denne posten.

### 5. Naturforvaltning

#### I

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet

- a. å sørge for at forholdene i Sandelva er slik at de stedegne fiskestammene i størst mulig grad opprettholder naturlig reproduksjon og produksjon og at de naturlige livsbetingelsene for fisk og øvrige naturlig forekommende plante- og dyrepopulasjoner forringes minst mulig,
- b. å kompensere for skader på den naturlige rekruttering av fiskestammene ved tiltak,
- c. å sørge for at fiskens vandringsmuligheter i vassdraget opprettholdes og at overføringer utformes slik at tap av fisk reduseres,
- d. å sørge for at fiskemulighetene i størst mulig grad opprettholdes.

#### II

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet å sørge for at forholdene for plante- og dyrelivet i området som direkte eller indirekte berøres av utbyggingen forringes minst mulig og om nødvendig utføre kompenserende tiltak.

#### III

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet å sørge for at friluftslivets bruks- og opplevelsesverdier i området som berøres direkte eller indirekte av anleggsarbeid og ev. regulering tas vare på i størst mulig grad. Om nødvendig må det utføres kompenserende tiltak og tilretteleggingstiltak.

#### IV

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet å bekoste naturvitenskapelige undersøkelser samt friluftslivsundersøkelser i de områdene som berøres av utbyggingen. Dette kan være arkiveringsundersøkelser. Konsesjonæren kan også tilpliktes å delta i fellesfinansiering av større undersøkelser som omfatter områdene som direkte eller indirekte berøres av utbyggingen.

#### V

Alle utgifter forbundet med kontroll og tilsyn med overholdelsen av ovenstående vilkår eller pålegg gitt med hjemmel i disse vilkår, dekkes av konsesjonæren.

### 6. Automatisk fredete kulturminner

Konsesjonæren plikter i god tid før anleggsstart å undersøke om tiltaket berører automatisk fredede kulturminner etter lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9. Viser det seg at tiltaket kan være egnet til å skade, ødelegge, flytte, forandre, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredede kulturminner, plikter konsesjonæren å søke om dispensasjon fra den automatiske fredningen etter kulturminneloven § 8 første ledd, jf. §§ 3 og 4.



Viser det seg i anleggs- eller driftsfasen at tiltaket kan være egnet til å skade, ødelegge, flytte, forandre, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredete kulturminner som hittil ikke har vært kjent, skal melding om dette sendes fylkeskommunens kulturminneforvaltning/Sametinget med det samme og arbeidet stanses i den utstrekning tiltaket kan berøre kulturminnet, jf. lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 8 annet ledd, jf. §§ 3 og 4.

#### *7. Ferdsel m.v.*

Konsesjonæren plikter å erstatte utgifter til vedlikehold og istandsettelse av offentlige veger, bruer og kaier, hvis disse utgifter blir særlig øket ved anleggsarbeidet. I tvisttilfelle avgjøres spørsmålet om hvorvidt vilkårene for refusjonsplikten er til stede, samt erstatningens størrelse ved skjønn på konsesjonærens bekostning.

Konsesjonæren plikter i nødvendig utstrekning å legge om turiststier og klopper som er i jevnlig bruk og som vil bli neddemmet eller på annen måte ødelagt/utilgjengelige.

#### *8. Terskler m.v.*

I de deler av vassdragene hvor inngrepene medfører vesentlige endringer i vannføring eller vannstand, kan NVE pålegge konsesjonæren å bygge terskler, foreta biotopjusterende tiltak, elvekorreksjoner, opprensninger m.v. for å redusere skadevirkninger.

Dersom inngrepene forårsaker erosjonsskader, fare for ras eller oversvømmelse, eller øker sannsynligheten for at slike skader vil inntreffe, kan NVE pålegge konsesjonæren å bekoste sikringsarbeider eller delta med en del av utgiftene forbundet med dette.

Arbeidene skal påbegynnes straks detaljene er fastlagt og må gjennomføres så snart som mulig.

Terskelpålegget vil bygge på en samlet plan som ivaretar både private og allmenne interesser i vassdraget. Utarbeidelse av pålegget samt tilsyn med utførelse og senere vedlikehold er tillagt NVE. Utgiftene forbundet med tilsynet dekkes av konsesjonæren.

#### *9. Hydrologiske observasjoner.*

Konsesjonæren skal etter nærmere bestemmelse av NVE utføre de hydrologiske observasjoner som er nødvendige for å ivareta det offentliges interesser og stille det innvunne materiale til disposisjon for det offentlige.

#### *10. Registrering av minstevannføring, krav om skilting og merking*

Det skal etableres en måleanordning for registrering og dokumentasjon av minstevannføring, løsningen skal godkjennes av NVE. Data skal fremlegges NVE på forespørsel og oppbevares på en sikker måte i hele anleggets levetid.

Ved alle reguleringsmagasin og steder med pålegg om minstevannføring skal det settes opp skilt med opplysninger om manøvreringsbestemmelser og hvordan dette kan kontrolleres. NVE skal godkjenne skiltenes utforming og plassering.

De partier av isen på vann og inntaksmagasiner som mister bæreevnen på grunn av reguleringene og overføringene må markeres på kart på opplysningsskilt og merkes eller sikres.

For alle vassdragsanlegg skal det etableres og opprettholdes hensiktsmessige sikringstiltak av hensyn til allmennhetens normale bruk og ferdsel på og ved anleggene.



### *11. Etterundersøkelser*

Konsesjonæren kan pålegges å utføre og bekoste etterundersøkelser av reguleringens virkninger for berørte interesser. Undersøkelserapportene med tilhørende materiale skal stilles til rådighet for det offentlige. NVE kan treffe nærmere bestemmelser om hvilke undersøkelser som skal foretas og hvem som skal utføre dem.

### *12. Luftovermetning*

Konsesjonæren plikter i samråd med NVE å utforme anlegget slik at mulighetene for luftovermetning i magasiner, åpne vannveger og i avløp til elv, vann eller sjø blir minst mulig. Skulle det likevel vise seg ved anleggets senere drift at luftovermetning forekommer i skadelig omfang, kan konsesjonæren etter nærmere bestemmelse av NVE bli pålagt å bekoste tiltak for å forhindre eller redusere problemene, herunder forsøk med hel eller delvis avstengning av anlegget for å lokalisere årsaken.

### *13. Varslingsplikt*

Konsesjonæren plikter å varsle NVE om navne- og/eller adresseendringer. Ved eventuell overdragelse av anlegget skal NVE godkjenne overdragelsen i forkant.

### *14. Kontroll med overholdelsen av vilkårene*

Konsesjonæren underkaster seg de bestemmelser som til enhver tid måtte bli truffet av NVE til kontroll med overholdelsen av de oppstilte vilkår. Utgiftene med kontrollen erstattes det offentlige av konsesjonæren etter nærmere regler som fastsettes av NVE.

For å sikre at vedtak i medhold av vannressursloven blir gjennomført, kan den ansvarlige pålegges tvangsmulkt til staten, jf. vannressursloven § 60. Pålegg om mulkt er tvangsgrunnlag for utlegg. Når et rettstridig forhold er konstatert kan det gis pålegg om retting og om nødvendig pålegges stans i pågående virksomhet, jf. vannressursloven § 59.

Overskrides konsesjon eller konsesjonsvilkårene eller pålegg fastsatt med hjemmel i vannressursloven kan det ilegges overtredelsesgebyr, eller straff med bøter eller fengsel inntil tre måneder, jf. vannressursloven §§ 60a og 63 første ledd bokstav c.

Rune Flatby  
avdelingsdirektør

Øystein Grundt  
seksjonssjef

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.*